



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

## SAKSFRAMLEGG

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
7.3.2019	2019/3368	Morten Larsen

**Saksnr**  
**9/19**

**Utval**  
Samarbeids- og arbeidsmiljøutvalet i  
tannhelsesektoren

**Møtedato**  
20.3.2019

## HMS-ÅRSRAPPORT 2018

### Vedlegg

HMS-årsrapport 2018.

### Bakgrunn

I samsvar med HMS-systemhandboka skal driftseiningane årleg rapportere HMS-status i eininga per 31.12. Driftseining blir i denne samanhengen nytta som samleomgrep for alle organisatoriske nivå som er ansvarleg for å følgje opp HMS-systemhandboka sine krav til eit systematisk HMS-arbeid heimla i arbeidsmiljølova § 3-1 og internkontrollforskriften.

HMS-årsrapporten skal bidra til å:

- kartlegge kva for standard driftseiningane har i høve til HMS-krav som er fastsett i lover, forskrifter og fylket sine egne retningslinjer
- analysere avvik frå standard
- kartlegge grunnlag for – og foreslå prioriterte tiltak i det vidare HMS-arbeidet

Den vedlagte HMS-årsrapporten er ei oppsummering av rapportane frå alle driftseiningane i fylkeskommunen. Rapporten beskriv hovudtrekka i arbeidsmiljøsituasjonen i tannhelsetenesta og gir signal for det vidare forbetningsarbeidet.

Dei elementa som inngår i årsrapporten frå driftseiningane er mellom anna:

- Status på HMS-resultatmålasom er gitt av fylkesrådmannen
- Status for HMS-avvik som er registrert i løpet av året i forbetnings- og avvikssystemet
- Statistisk informasjon om HMS-arbeidet (arbeidsulykker, sjukefråver)
- Status på driftseininga sitt systematiske HMS-arbeid - korleis er dokumentasjonen i høve til dei krava som er sett i systemet?
- Vurdering av resultatata i rapporten, grunnlag for vidare prioritering og arbeid

Når det gjeld organisatoriske og psykososiale tilhøve er dette fanga opp gjennom ei eiga kartlegging av psykososialt arbeidsmiljø. Dette vart sist gjort hausten 2018.

### Forslag til vedtak:

SAMU-T tar HMS-årsrapport 2018 til orientering.

Anthony N. Valen  
Fylkestannlege

Morten Larsen  
Administrasjonsleiar